



Alver kommune - 01.01.2020
plan og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14920 - 20/56150

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
09.09.2020

Uttale frå landbruksavdelinga til søknad om bruksendring GBnr 433/14 Hella indre

Det er søkt om bruksendring avv gammalt våningshus til anna landbruksbygg i samband med at det er bygd nytt våningshus på bruket. I handsaming etter jordlova i 2014 vart sett som vilkår at det gamle huset skulle rivast. Tilstanden til det gamle huset er godt dokumentert, og det er ikkje brukande til bustadhus. Søkjarane peikar på at det gamle huset kan ha funksjon som lager og at det har ein kulturhistorisk verdi.

Landbruksavdelinga deler søkjar sin oppfatning om at det er trong for lager m.m på eit gardsbruk, men har vanskeleg for å sjå at dette krev dispensasjon frå landbruksføremålet at det vert bruksendra. Det gamle huset er utan tvil eit landbruksbygg, sjølv om garden ikkje er i sjølvstendig drift. Jordlova set krav om at for å få løyve til nye bygg må det vera behovet drifta har som vert lagt i grunn, men for dei bygga som allereie er der vert det ikkje tilsvarende vurdering. Jordlova sitt formål omfattar omsynet til kulturlandskap inkludert bygningar, og det er viktig å ta vare på kulturhistoriske bygningar og gamle tunmiljø.

Kriterier som må være oppfylt for at tiltaket skal inngå i LNFR-formålet:

– Tiltaket er knyttet til produksjon på garden eller det behovet garden har for varer og tjenester, eller det er nødvendig i forbindelse med annen næringsvirksomhet knyttet til jordbruk, skogbruk, reindrift, yrkesfiske eller lignende.

Så lenge søkjar kan sannsynleggjera at bygningen er naudsynt for å ta vare på garden meiner eg det er i tråd med landbruksformålet. Det kan til dømes vera lager for verktøy, motorsag og andre mindre reiskaper som trengs i vedlikehald og stell av jord, skog og bygningar. Er bruken tiltenkt noko heilt anna enn det som har med landbruk å gjera vil det krevja dispensasjon.

Bruket har fått eit godt og teneleg våningshus, og det er difor ikkje trong for at det gamle huset har denne funksjonen. Det gamle huset kan nyttast til lager m.m og har ein

kulturhistorisk verdi. Landbruksavdelinga vil rå til at at det gamle huset vert bruksendra til anna landbruksbygg.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

DetLaila Bjørge
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

av

Mottakarar:

Alver kommune - 01.01.2020